



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
04.04.2011	19205/2011	Hans Blø
Saksnr	Utval	Møtedato
	Kontrollutvalet	27.04.2011

### **Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjektet "Kraftforsyningssituasjonen i fylket, fylkeskommunens innsats."**

#### **Bakgrunn**

I sak T-68/10 fastsette fylkestinget m.a. etter tilråding frå kontrollutvalet kva prosjekt innan forvaltningsrevisjon som skulle komme til utføring i 2011. Kontrollutvalet vedtok i sak Ko-6/11 prioriteringsrekkefølgja mellom prosjekta, og følgjande rekkefølgje vart vald:

1. Kraftforsyningssituasjonen i fylket, fylkeskommunens innsats.
2. Gang- og sykkelvegar.
3. Strategiar for å rekruttere lærarar, og behalde dei vi har.
4. Kulturbaserte næringsetableringar og arbeidsplassar, fylkeskommunens rolle.

#### **Status for prosjektgjennomføringa**

Som kontrollutvalet er kjent med er vi komne noko på etterskot med gjennomføringa av prosjekt bestilt for året 2010, men som informert av fylkesrevisjonssjefen i førre møte vil dei to siste prosjekta frå 2010-bestillinga kome til behandling i neste møte den 25. mai.

Imidlertid har som kjent ein av forvaltningsrevisorane sagt opp og sluttar 31. mai, og det å få ein ny revisor på plass vil rimelegvis ta tid. For ikkje å forseinke gjennomføringa av prosjekta for 2011 har fylkesrevisjonssjefen foreslått at det første prosjektet kan settast ut i marknaden, for å bli levert innan fristen (medio sept. 2011). Av formelle omsyn må det i tilfelle skje i regi av fylkesrevisjonen. Det blir gjort nærmare greie for prosedyrer for dette i møtet.

Fylkesrevisjonen har elles meldt tilbake at trafikktryggleiksaspektet vedr. gang- og sykkelvegar får eit så vidt stort fokus i rapporten (om status og utfordringar i trafikktryggingsarbeidet) som blir levert til neste møte, at det må vegast på om det er formålstenleg å igangsette eit nytt prosjekt med nokolunde same tema allreie no (jf. prosjekt nr 2 ovanfor). I så fall bør prosjektet vinklast annleis enn retta mot trafikktrygging, alternativt utsettast eller gå ut. Dette spørsmålet bør det takast avgjerd i rimeleg raskt, t.d. når høyringsutkastet til rapporten ligg føre til påske og som medlemene får tilsendt til orientering.

#### **Prosjektet om kraftforsyningssituasjonen.**

Fylkeskommunen som forvaltningsnivå har ikkje eit direkte ansvar for å sikre kraftforsyningssituasjonen i fylket, men frå politisk hald er det brei semje og gitt sterke signal om at fylkeskommunen aktivt skal arbeide for at fylket oppnår ein tilfredstillande kraftforsyningssituasjon. I dette ligg ønsket om auka produksjon og betre tilføring av el-energi, men og satsing på auka bruk av gass, auka bruk av fornybare energikjelder og miljøvenleg energi.

Som verkemiddel i dette oppretta fylkeskommunen i 2006 programmet Energiregion Møre, som frå 2010 fekk permanent etatstatus i sentraladministrasjonen. I vedtaket (sak U-29/06) presiserte fylkesutvalet spesielt at omsynet til å få gjort noko med kraftforsyningssituasjonen skulle ha overordna fokus og prioritet. Det vart allereie dei første åra sett fokus på korleis auka gassbruk kunne avhjelpe ein alvorleg kraftforsyningssituasjon, der spørsmålet om etablering av gasskraftverk i fylket stod sentralt. Spørsmålet om handteringa av CO<sub>2</sub> vart som kjent avgjerande for utfallet her.

M.a. vart det i ei tidleg fase arbeidd for å få oljeselskapa til å foreta reinjisering av CO<sub>2</sub> (frå ev. gasskraftverk) i oljebrønnar, men arbeidet med dette vart avslutta då oljeselskapa ikkje fann å gå for teknologien av kostnadsmessige omsyn. Energiregion Møre endra deretter fokus mot å få auka gassbruken ved etablering og utvikling av gassbasert industri (jf. t.d. Ironman-prosjektet). Dei seinare åra har Energiregion Møres fokus og engasjement i tillegg vore retta mot auka bruk av bioenergi og utnytting av havenergi, og potensialet i dette med verknad for kraftforsyninga.

Medlemene i kontrollutvalet fekk ei førebels og munnleg orientering om kraftforsyningsprosjektet i førre møte. Eit prosjektnotat der målsettingane knytt til kraftforsyning m.m. i Verdiskapingsdelen i Fylkesplanen var nemnt, og tiltaka i Handlingsplanen for verdiskaping for 2010 var lista opp, vart utdelt. Med bakgrunn i dette signaliserte medlemene at Energiregion Møres oppgåver knytt til auka gassbruk for å få etablert og utvikla industriell verksemd i fylket ikkje skulle evaluerast i prosjektet. Prosjektet vil dermed bli avgrensa til Energiregion Møres oppgåver knytt til å sikre forsyninga av elektrisk energi og arbeidet for auka bruk av fornybare energikjelder og å utvikle meir miljøvenleg energiproduksjon.

På heimesidene til Energiregion Møre er målsettingane for denne satsinga formulert slik ( [www.mrfylke.no/satsingar/energiregion-moere](http://www.mrfylke.no/satsingar/energiregion-moere) ):

"Energiregion Møre har som mål

- \* å sikre forsyning av elektrisk energi,
- \* å auke bruken av fornybare energikjelder og gass innanfor ei berekraftig utvikling.
- \* at Møre og Romsdal skal ta ei leiarrolle i utviklinga av miljøvennleg energi.
- \* at Møre og Romsdal skal eit pilotfylke for miljøvennleg og berekraftig energiproduksjon innanfor rammene av det vedtekne energiprogrammet.
- \* at statusen som pilotfylke skal føre til at det blir oppretta regionalt/nasjonalt/internasjonalt senter for berekraftig utvikling."

Kontrollsjefen finn det rimeleg at eit prosjekt om evaluering av fylkeskommunens innsats for kraftforsyningssituasjonen tar utgangspunkt i desse målsettingane, og undersøker i kva grad Energiregion Møre så langt har lukkast i å nå oppfylle dei.

Som nemnt skal ikkje undersøkinga spesielt evaluere innsatsen for å få etablert og utvikla gassrelatert industri i fylket.

Kontrollsjefen vil foreslå at følgjande problemstilling blir lagt til grunn for prosjektgjennomføringa:

"I kva grad har Energiregion Møre medverka i å sikre ein tilfredsstillande kraftforsyningstryggleik for fylket, og lukkast i å nå måla om miljøvenleg og berekraftig energiproduksjon?"

Det blir lagt opp til at prosjektrapporten skal behandlast i kontrollutvalets møte den 28. sept. 2011.

**Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til bestillinga av prosjektet "Kraftforsyningssituasjonen i fylket, fylkeskommunens innsats".

Kontrollsjefen får fullmakt til å gjere mindre endringar i prosjektutforminga, og ev. for å sikre ei tilfredsstillande framdrift, med melding tilbake til kontrollutvalet.

Hans Blø  
kontrollsjef